



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2021 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 983 450 342
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: TUSSA IKT AS
Forretningsadresse: Langemyra 6
6160 HOVDEBYGDA

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2021 - 31.12.2021

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Elling Andreas Dybdal
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 15.06.2022

Grunnlag for avgivelse

År 2021: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2020: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2021

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 02.08.2023



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salsinntekt	4	240 936 437	224 084 312
Anna driftsinntekt		5 425	332
Sum inntekter		240 941 862	224 084 644
Kostnader			
Varekostnad		57 589 066	54 060 274
Lønskostnad	5, 6	58 515 011	50 707 529
Avskrivning	2, 3	54 992 292	48 142 533
Nedskrivning av varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	2, 3	58 836	1 595 424
Annan driftskostnad	5	39 045 384	37 775 236
Sum kostnader		210 200 589	192 280 996
Driftsresultat		30 741 273	31 803 649
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekt frå føretak i same konsern		5 747	3 161
Anna finansinntekt	15	67 081	78 323
Sum finansinntekter		72 827	81 483
Rentekostnad til føretak i same konsern		8 117 448	7 292 131
Annan finanskostnad	15	36 292	59 168
Sum finanskostnader		8 153 740	7 351 299
Netto finans		-8 080 913	-7 269 815
Ordinært resultat før skattekostnad		22 660 360	24 533 833
Skattekostnad	16	4 769 791	5 426 402
Ordinært resultat etter skattekostnad		17 890 569	19 107 431
Årsresultat	17	17 890 569	19 107 431
Årsresultat etter minoritetsinteresser		17 890 569	19 107 431
Totalresultat		17 890 569	19 107 431



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
Overføringer og disponeringar			
Avsett til annan eigenkapital		17 890 569	19 107 431
Sum overføringer og disponeringar		17 890 569	19 107 431



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Lisensar	3	2 043 247	2 940 368
Utsett skattefordel	16		
Goodwill	3		
Sum immaterielle egedelar	3	2 043 247	2 940 368
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	2	1 257 436	1 463 881
Nettanlegg	2	445 530 445	379 034 551
Anlegg under arbeid	2	27 508 675	17 892 043
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr	2	70 668 597	72 068 331
Sum varige driftsmiddel	2, 11	544 965 154	470 458 806
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i aksjar og partar	7	595 262	20 262
Pensjonsmidlar		509 161	403 499
Sum finansielle anleggsmiddel		1 104 423	423 761
Sum anleggsmiddel		548 112 825	473 822 935
Omløpsmiddel			
Varer			
Sum varer		609 957	
Krav			
Kundekrav	8, 12, 13	20 358 175	13 248 664
Fordring på føretak i same konsern	12	2 832 349	
Andre kortsiktige krav	9, 12, 13	4 794 022	6 173 609
Sum krav	9, 12, 13	27 984 547	19 422 273
Bankinnskot, kontantar og liknande			



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
Bankinnskot, kontantar og liknande	10	2 686 711	2 709 980
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		2 686 711	2 709 980
Sum omløpsmiddel		31 281 214	22 132 254
SUM EIGEDLAR		579 394 039	495 955 189

BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD

Eigenkapital

Innskoten eigenkapital

Aksjekapital	18	18 000 000	16 500 000
Overkurs		73 538 444	69 590 811
Annan innskoten eigenkapital		47 618 470	39 786 847
Sum innskoten eigenkapital		139 156 914	125 877 658

Opptent eigenkapital

Annan eigenkapital		50 427 333	39 992 087
Sum opptent eigenkapital		50 427 333	39 992 087

Sum eigenkapital	17	189 584 247	165 869 745
-------------------------	----	--------------------	--------------------

Gjeld

Langsiktig gjeld

Pensjonsplikter		488 748	366 262
Utsett skatt	16	37 773 287	29 359 482
Sum avsetjingar for plikter		38 262 036	29 725 744

Anna langsiktig gjeld

Gjeld til føretak i same konsern	9, 12	288 133 737	230 000 000
Sum anna langsiktig gjeld		288 133 737	230 000 000

Sum langsiktig gjeld		326 395 773	259 725 744
-----------------------------	--	--------------------	--------------------

Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld	12, 13	20 462 656	16 149 254
Betalbar skatt	16		
Skyldige offentlege avgifter		7 614 507	5 849 784



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
Gjeld til føretak i same konsern	10, 12	5 793 924	26 663 230
Anna kortsiktig gjeld	12, 13	29 542 932	21 697 432
Sum kortsiktig gjeld	12, 13	63 414 019	70 359 700
Sum gjeld		389 809 792	330 085 444
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		579 394 039	495 955 189



Årsrekneskap 2021 Tussa Ikt AS

Årsmelding
Resultatrekneskap
Balanse
Notar
Kontantstrøm



Org.nr.: 983 450 342



ÅRSMELDING FRÅ STYRET 2021

VERKSEMD OG LOKALISERING

Tussa Ikt AS er eit dotterselskap i Tussakonsernet, heileigd av morselskapet Tussa Kraft AS. Selskapet produserer og sel kommunikasjons- og IT-tenester, og er lokalisert med hovudkontor i Hovdebygda i Ørsta og avdelingskontor i Ålesund og Stryn.

VIDARE DRIFT

I samsvar med rekneskapslova § 3-3a stadfestar styret at føresetnaden om vidare drift er til stades, og at denne føresetnaden vart lagt til grunn ved utarbeidinga av rekneskapen.

STRATEGI OG FRAMTIDSUTSIKTER

Tussa IKT skal dekkje kundane sine behov for kommunikasjon og IT-tenester gjennom ein framtidretta teknologi, rett kvalitet og kompetanse og fokus på sikkerheit og miljø. Tussa IKT skal vere kunden sitt fyrsteval av IKT-tenester.

Gode kommunikasjonsløysingar er svært viktig både for hushaldningar og bedrifter. Vi fører fiber heilt fram til den enkelte kunde og tilbyr raskt og symmetrisk internett, TV-tenester og telefoni. Vi bygger ut fiber til kundane på søre Sunnmøre, men den geografiske dekningsgraden er høg og ein begrensa restmarknad på søre Sunnmøre gjer at det vil bli mindre nye kundar i åra som kjem. I løpet av 2021 tok vi over fibernettet i Stryn kommune og dette nettet vil gradvis bli integrert med nettet på søre Sunnmøre.

Kundetilgangen innan breiband og breibandstenester er tilfredsstillande. Kundane er godt nøgde med breibandsprodukta som vi tilbyr gjennom fibernettet. Gjennom året har vi bygd ut fiber til fleire områder og vi har så langt omlag 14650 kundar på denne teknologien. Vi har hatt høg oppetid på breibandsnettet i 2021 og dette har sikra stabile tenester til kundane. Vi har også gode rutinar og system for å levere gode tenester og identifisere og rette eventuelle feil raskt.

Utfordringane med å drifte datautstyr er store for næringslivet som følgje av auka krav til spesialkompetanse og informasjonssikkerheit, og stadig fleire bedrifter vel å setje ut heile eller delar av IT-drifta. Gjennom eige salsarbeid og samarbeid med ulike partnarar oppnår vi eit stadig større volum innan IT avtalar. Datahallen på Tussatun i Ørsta har god kapasitet for framtida. Vi forventar auka etterspurnad etter både konsulenttenester og skybaserte tenester framover.

NÆRARE OPPLYSNINGAR OM ÅRSREKNESEKAPEN

Etter styret si oppfatning gjev den framlagde resultatrekneskapen og balansen eit rettvisst bilete av verksemda si økonomiske drift og stilling ved årsskiftet.

Omsetninga i 2021 vart 240,9mill. kr, ein auke på 16,9 mill. kr frå 2020. Den eksterne omsetninga av IT-produkta har auka med 9,1 mill. kr, medan den eksterne omsetninga av kommunikasjonsprodukta har auka med 11,4 mill. kr. Hovudårsaka til auken innan kommunikasjon er auka omsetning som følgje av fibersatsinga. Den viktigaste årsaka til auken innanfor IT er vekst i IT avtalar.

Driftskostnadane i 2021 vart 210,2 mill. kr, noko som er ein auke på 17,9 mill. kr frå 2020. Driftsresultatet vart i 2021 på 30,7 mill. kr, dette er om lag 1,1 mill. kr lågare enn i 2020.

Dei samla investeringane for 2021 er på 105,1 mill. kr.

Totalkapitalen var ved utgangen av året 579,4 mill. kr, samanlikna med 496,0 mill. kr i 2020. Eigenkapitaldelen pr. 31.12.2021 er 32,7 % samanlikna med 33,4 % pr. 31.12.2020.

Kontantstraumen frå operasjonelle aktivitetar er på 85,9 mill. kr, medan utbetalingar knytt til investeringsaktivitetane var 105,1 mill. kr. Dette viser at selskapet eigenfinansierte 82 % av investeringane sine. Investeringane som ikkje er dekt gjennom kontantstraum frå operasjonell aktivitet, er finansiert gjennom konsernet.



I samband med ein pågåande lisensrevisjon frå ein av våre samarbeidspartnarar, er det avdekt eit avvik mellom forbrukte og fakturerte lisensar i åra 2016 til 2021. Endeleg konklusjon er ved avlegging av årsrekneskapet for 2021 ikkje klar, men selskapet har gjort avsetningar i 2021 basert på leiinga sitt beste estimat. Avviket er av styret vurdert til å vere så vesentleg at vi i tråd med god rekneskapsskikk har korrigert feilen for åra 2016-2019 over eigenkapitalen, medan vi for 2020 har korrigert samanlikningstala i årsrekneskapen for 2021. Erfaringane frå lisensrevisjonen gjer at vi forventar ein reduksjon i framtidige driftsresultat på omlag 1 mill. per år. Sjå nærare beskriving i note 17.

FINANSIELL RISIKO

For det som gjeld finansiell risiko vert det vist til note 19 til rekneskapen.

Konsernet og dei einskilde selskapa sin likviditet vert tilpassa og styrt gjennom aktiv bruk av fleirkontosystemet. Dotterselskapa låner pengar i fleirkontosystemet eller dei bidreg med midlar til systemet. Det er morselskapet sitt ansvar å sørge for at lånesaldoen mot banken ligg på eit fornuftig nivå og innanfor den kredittramma som er innvilga. Eksterne lån er som hovudregel teke opp i morselskapet Tussa Kraft AS. Døtrer i konsernet har lån hos mora og/eller dei låner pengar i fleirkontosystemet til flytande rente.

ARBEIDSMILJØ, LIKESTILLING OG DISKRIMINERING

Arbeidsmiljøet i selskapet er godt. Det har ikkje vore notert ulykker eller skadetilfelle i løpet av året. Sjukefråværet i selskapet utgjorde 2,1 % i 2021, noko som er 0,3 lågare enn i 2020. Sjukefråværet er lågt både i forhold til konsernet samla sett og andre samanliknbare verksemdar.

Ved utgangen av året hadde selskapet 71 fast tilsette, 67 menn og 4 kvinner. I tillegg hadde selskapet 11 tilsette i mellombelse stillingar. Selskapet sitt styre består av 4 menn og 1 kvinne, der 2 av mennene representerer dei tilsette. Tussa IKT ønskjer å leggje til rette personalpolitikken slik at den stimulerer til ei aktiv likehandsaming. Retningslinjene for tilsetjing skal fremje likestilling og lønssystemet er kjønnsnøytralt og skal hindre ulik handsaming. I tillegg har Tussa IKT lagt forholda godt til rette med fleksible arbeidstidsordningar og permisjonsvilkår. Dette gjer det mogleg både for kvinner og menn å kombinere jobb og familie på ein best mogleg måte.

Selskapet arbeider aktivt for å forhindre diskriminering som følgje av nedsett funksjonsevne, etnisitet, nasjonalt opphav, hudfarge, religion eller livssyn. Aktivitetane omfattar mellom anna rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, stillingsopptrykk, utviklingsmoglegheiter og vern mot trakassering.

MILJØRAPPORTERING

Styret er ikkje kjent med at selskapet si verksemd forureinar det ytre miljø ut over det som er normalt for denne type verksemd. Vi tek eit miljøansvar ved at all overskotsvarme frå datasenteret vert gjenbrukt til oppvarming av bygg. Ved å leggje til rette for gode kommunikasjonsløyser vil vi indirekte bidra til redusert reiseaktivitet og eit betre klima. Arbeidet med å bli sertifisert innanfor ISO 14001Miljøleing vart starta opp i 2021.

FORSKINGS- OG UTVIKLINGSAKTIVITETAR

Selskapet har ikkje hatt forskings- og utviklingsaktivitetar i 2021.

STYREANSVARSFORSIKRING

Det er teikna styreansvarsforsikring med forsikringssum kr. 10.000.000,- pr. forsikringstilfelle og totalt i løpet av forsikringsperioden. Det er ingen eigenandel.

Tidlegare, noverande eller framtidige styremedlemar, dagleg leiar og medlem av leiinga eller tilsvarande styreorgan i selskapet er å sjå på som sikra.



RESULTATDISPONERING

Styret sitt framlegg til disponering av årsresultatet er:

	Beløp
Årsresultat	17,9 mill. kr
Motteke netto konsernbidrag med skatteeffekt	7,6 mill. kr
Avgitt konsernbidrag	7,6 mill. kr
Avsett egenkapital	17,9 mill. kr

Ørsta, 23.03.2022

Styret i Tussa lkt AS

Elling Andreas Dybdal
Styreleiar

Anne Berit Madsen
Styremedlem

Roar Stenersen
Styremedlem

Knut Arne Grimstad
Styremedlem

Harald Utnes Kvangarsnes
Styremedlem

Ivar Driveklepp
Dagleg leiar

**RESULTATREKNESKAP**

TUSSA IKT AS

DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2021	2020
Salsinntekt	4	240 936 437	224 084 312
Anna driftsinntekt		5 425	332
Sum driftsinntekter		240 941 862	224 084 644
Varekostnad		57 589 066	54 060 274
Lønskostnad	5, 6	58 515 011	50 707 529
Avskrivning	2, 3	54 992 292	48 142 533
Nedskrivning	2, 3	58 836	1 595 424
Annan driftskostnad	5	39 045 384	37 775 236
Sum driftskostnader		210 200 589	192 280 996
Driftsresultat		30 741 273	31 803 649
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Renteinntekt fra føretak i same konsern		5 747	3 161
Anna finansinntekt	15	67 081	78 323
Rentekostnad til føretak i same konsern		8 117 448	7 292 131
Annan finanskostnad	15	36 292	59 168
Resultat av finansposter		-8 080 913	-7 269 815
Resultat før skattekostnad		22 660 360	24 533 833
Skattekostnad	16	4 769 791	5 426 402
Årsresultat	17	17 890 569	19 107 431
OVERFØRING			
Avsett til annan egenkapital		17 890 569	19 107 431
Sum overføringer		17 890 569	19 107 431



BALANSE

TUSSA IKT AS

EIGEDELAR	Note	2021	2020
ANLEGGSMIDDEL			
IMMATERIELLE EIGEDELER			
Lisensar	3	2 043 247	2 940 368
Sum immaterielle egedelar	3	2 043 247	2 940 368
VARIGE DRIFTSMIDDEL			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	2	1 257 436	1 463 881
Nettanlegg	2	445 530 445	379 034 551
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr	2	70 668 597	72 068 331
Anlegg under arbeid	2	27 508 675	17 892 043
Sum varige driftsmiddel	2, 11	544 965 154	470 458 806
FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL			
Investeringar i aksjar og partar	7	595 262	20 262
Pensjonsmidlar		509 161	403 499
Sum finansielle anleggsmiddel		1 104 423	423 761
Sum anleggsmiddel		548 112 825	473 822 935
OMLØPSMIDDEL			
Varar		609 957	0
KRAV			
Kundekrav	8, 12, 13	20 358 175	13 248 664
Fordring på føretak i same konsern	12	2 832 349	0
Andre kortsiktige krav	9, 12, 13	4 794 022	6 173 609
Sum krav	9, 12, 13	27 984 547	19 422 273
Bankinnskot, kontantar og liknande	10	2 686 711	2 709 980
Sum omløpsmiddel		31 281 214	22 132 254
Sum egedelar		579 394 039	495 955 189



BALANSE

TUSSA IKT AS

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2021	2020
INNSKOTEN EIGENKAPITAL			
Aksjekapital	18	18 000 000	16 500 000
Overkurs		73 538 444	69 590 811
Annan innskoten egenkapital		47 618 470	39 786 847
Sum innskoten egenkapital		139 156 914	125 877 658
OPPTENT EIGENKAPITAL			
Annan egenkapital		50 427 333	39 992 087
Sum opptent egenkapital		50 427 333	39 992 087
Sum egenkapital	17	189 584 247	165 869 745
GJELD			
AVSETJING TIL PLIKTER			
Pensjonsplikter		488 748	366 262
Utsett skatt	16	37 773 287	29 359 482
Sum avsetjing for plikter		38 262 036	29 725 744
ØVRIG LANGSIKTIG GJELD			
Gjeld til føretak i same konsern	9, 12	288 133 737	230 000 000
Sum anna langsiktig gjeld		288 133 737	230 000 000
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld	12, 13	20 462 656	16 149 254
Skyldige offentlige avgifter		7 614 507	5 849 784
Gjeld til føretak i same konsern	10, 12	5 793 924	26 663 230
Anna kortsiktig gjeld	12, 13	29 542 932	21 697 432
Sum kortsiktig gjeld	12, 13	63 414 019	70 359 700
Sum gjeld		389 809 792	330 085 444
Sum egenkapital og gjeld		579 394 039	495 955 189

Ørsta, 23.03.2022
Styret i Tussa Ikt AS

Elling Andreas Dybdal
Styreleiar

Anne Berit Madsen
Styremedlem

Roar Stenersen
Styremedlem

Knut Arne Grimstad
Styremedlem

Harald Utnes Kvangarsnes
Styremedlem

Ivar Driveklepp
Dagleg leiar



INDIREKTE KONTANTSTRAUM

TUSSA IKT AS

	Note	2021	2020
KONTANTSTRAUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR			
Resultat før skattekostnad		22 660 360	24 533 833
Ordinære avskrivningar	2, 3	54 992 292	48 142 533
Nedskrivning anleggsmiddel	2, 3	58 836	1 595 424
Endring i varelager		-609 957	0
+/- Endring i kundefordringar og opptent inntekt	8, 12	-7 109 512	-932 931
Endring i leverandørgjeld	12	4 313 402	529 756
Forsk. kostnadsført pensjon og inn-/utbet. i pensjonsordn.		16 824	-37 237
Endring i andre tidsavgrensingspostar	12	11 599 767	1 686 200
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar		85 922 013	75 517 579
KONTANTSTRAUMAR FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR			
Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidlar	2, 3	-105 075 976	-97 651 036
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar		-105 075 976	-97 651 036
KONTANTSTRAUMAR FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR			
Innbetalingar ved opptak av ny langsiktig gjeld		40 000 000	0
Netto endring konsernkontoordning	10, 12	-16 525 567	24 253 685
Utbetalingar av konsernbidrag		-4 343 739	-1 630 059
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar		19 130 694	22 623 626
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar		-23 270	490 168
Beh. av kont. og kontantekvivalentar ved byrjinga av per.		2 709 980	2 219 812
Beh. av kont. og kontantekvivalentar ved slutten av per.	10	2 686 711	2 709 980



REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

KONSOLIDERING

Tussa Ikt AS er eit 100 % eigd dotterselskap av Tussa Kraft AS, som har forretningskontor i Ørsta kommune, og vert konsolidert inn i deira konsernrekneskap.

Konsernrekneskapen er tilgjengeleg på www.tussa.no.

BRUK AV ESTIMAT

Når årsrekneskapen blir utarbeidd, blir det brukt estimat og føresetnader som har påverka resultatrekneskapen og verdsetjinga av eigedelar og gjeld, i tillegg til usikre eigedelar og forpliktingar på balansedagen i samsvar med god rekneskapsskikk. Område som i stor grad inneheld slike skjønnsvurderingar, høg grad av kompleksitet eller område der føresetnader og estimat er vesentlege for årsrekneskapen, er skildra i notane.

VALUTA

Transaksjonar i utanlandsk valuta blir rekna om til kursen på transaksjonstidspunktet. Pengepostar i utanlandsk valuta blir rekna om til norske kroner ved at ein nyttar kursen på balansedagen. Ikkje-pengepostar som blir målte til historisk kurs uttrykt i utanlandsk valuta, blir rekna om til norske kroner ved å nytte valutakursen på transaksjonstidspunktet. Ikkje-pengepostar som blir målte til verkeleg verdi uttrykt i utanlandsk valuta, blir rekna om til valutakursen som blei fastsett på måletidspunktet.

Valutakursendringar blir resultatførte kontinuerleg i rekneskapsperioden under andre finanspostar.

INNETEKTER

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester blir inntektsførte etter kvart som dei blir leverte. Inntekter frå sal av tenester og langsiktige tilvergingsprosjekt (anleggskontraktar) resultatførte i takt med fullføringsgraden i prosjektet, når ein kan estimere utfallet av transaksjonen på ein påliteleg måte. Når utfallet av transaksjonen ikkje kan estimerast påliteleg, vil berre inntekter som svarar til oppsamla prosjektkostnader, bli inntektsførte. I den perioden det blir identifisert at eit prosjekt vil gje eit negativt resultat, vil heile det estimerte tapet på kontrakten bli resultatført.

KLASSIFISERING OG VURDERING AV BALANSEPOSTAR

Anleggsmidlar omfattar eigedelar som er sette av til varig eige og bruk. Anleggsmidlar er vurderte til innkjøpskostnad, med fråtrekk for avskrivningar og nedskrivningar. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på transaksjonstidspunktet.

Varige driftsmidlar blir balanseførte og skrivne av over den økonomiske levetida deira. Vesentlege driftsmidlar som omfattar fleire større komponentar med ulik levetid, er dekomponerte med ulik avskrivningstid for dei ulike komponentane. Direkte vedlikehald av driftsmidlar blir kostnadsført kontinuerleg under driftskostnader, medan påkostnader eller betringar blir lagde til kostprisen på driftsmidlane og avskrivne i takt med driftsmidlane. Varige driftsmidlar blir nedskrivne til beløpet som kan vinnast att ved verdifall som er venta å ikkje vere forbigåande. Beløpet som kan vinnast att, er det høgste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdi av framtidige kontantstraumar som er knytte til eigedelen. Nedskrivninga blir reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades.

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling seinast eitt år etter balansedagen, og postar som gjeld varekrinsløpet. Omløpsmidlar blir vurderte til lågaste verdi av innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på transaksjonstidspunktet.



VARER

Varer er vurderte til det lågaste av innkjøpskostnad og netto salsverdi. Netto salsverdi er estimert salspris ved ordinær drift etter frådrag for utrekna nødvendige utgifter for gjennomføring av salet. Innkjøpskostnad inkluderer utgifter som er komne til ved innkjøp av varene, og kostnader for å flytte varene til der dei er plasserte no. Denne kostnaden blir fordelt ved bruk av FIFO-prinsippet.

FORDRINGAR

Kundefordringar og andre fordringar blir førte opp til pålydande verdi etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. For andre kundefordringar blir det gjort ei uspesifisert avsetning for å dekkje forventa tap på krav.

KORTSIKTIGE PLASSERINGAR

Kortsiktige plasseringar (aksjar og eigedelar som er vurderte som omløpsmidlar) blir vurderte til det lågaste av innkjøpskostnad og verkeleg verdi på balansedagen. Motteke utbyte og andre utdelingar frå selskapa blir inntektsført som anna finansinntekt.

PENSJONAR – INNSKOTSBASERT ORDNING

Kostnaden til innskotsbasert pensjonsordning samsvarar med premien til forsikringsselskapet i perioden.

OPPSTILLING AV KONTANTSTRAUM

Oppstillinga av kontantstraumen er utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar.

SKATT

Skattekostnaden i resultatrekneskapan omfattar både skatten som skal betalast i perioden, og endring i utsett skatt. Utsett skatt er rekna ut med 22 % på grunnlag av dei mellombelse skilnadene mellom rekneskaps- og skatteverdiene, og underskotet ved utgangen av rekneskapsåret som kan framførast i likninga. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader som reverserer eller kan reverserast i den same perioden, er utlikna og nettoførte. Netto utsett skattefordel blir balanseført dersom det er truleg at denne kan bli utnytta.



NOTE 2 ANLEGGNOTE

	Bygninger og eigedommar	Nettanlegg	Transp., inventar, utstyr	Sum varige driftsmidlar
Kostpris pr. 01.01.2021	4 707 763	514 432 991	181 858 791	700 999 545
Tilgang kjøpte driftsmidlar	0	71 597 493	23 524 435	95 121 928
Tilgang ved Fusjon	0	36 095 665	467 465	36 563 130
Avgang selde driftsmidlar	0	0	0	0
Justering kostpris	0	0	0	
Kostpris 31.12.2021	4 707 763	622 126 149	205 850 691	832 684 603
Akkumulerte avskrivningar 31.12.2021	3 450 326	174 702 623	133 787 587	311 940 536
Akkumulerte nedskrivningar 31.12.2021	0	1 893 081	1 394 506	3 287 587
Bokført verdi per 31.12.2021	1 257 436	445 530 445	70 668 598	517 456 479
Avskrivningar i år	206 445	28 510 958	25 014 425	53 731 828
Nedskrivning i år	0	-5 179	89 940	84 761
Avskrivningstype	Ingen/lineær	Lineær	Lineær	
Økonomisk levetid	10 år - evig	15-20 år	3-8 år	

Per 31.12.2021 er det bokført kr 27 508 675 som anlegg under utførelse. Anlegg vert aktivert etter kvart som dei vert sett i drift.

NOTE 3 IMMATERIELLE EIGEDELAR

	Programvare- lisensar	Sum
Kostpris pr. 01.01.2021	9 060 982	9 060 982
Tilgang kjøpte immatrielle eigedelar	337 416	337 416
Avgang selde immatrielle eigedelar	0	0
Innkjøpskostnad 31.12.2021	9 398 398	9 398 398
Akkumulerte avskrivningar 31.12.2021	6 684 380	6 684 380
Akkumulerte nedskrivningar 31.12.2021	670 771	670 771
Bokført verdi per 31.12.2021	2 043 247	2 043 247
Avskrivningar i år	1 260 463	1 260 463
Nedskrivningar i år	-25 925	-25 925
Avskrivningstid	3-5 år	



NOTE 4 SALSINNTEKTER

Tal i 1000	2021	2020
Per driftsområde		
Sal IT-produkt	88 243	79 134
Sal Kommunikasjon	141 976	130 392
Sal til konsernselskap	10 717	14 559
Sum	240 936	224 085

NOTE 5 LØNSKOSTNADER OG YTINGAR, GODTGJERINGAR TIL DAGLEG LEIAR, STYRET OG REVISOR

Lønskostnader	2021	2020
Løn	55 171 829	49 486 834
Arbeidsgjevaravgift	8 649 917	7 868 686
Pensjonskostnader	4 904 754	4 441 425
Aktivert lønskostnad	-11 023 645	-10 917 161
Anna personalkostnad	812 156	-172 256
Sum	58 515 011	50 707 529

Selskapet har i 2021 sysselsett 78 årsverk.

PENSJONSFORPLIKTINGAR

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Pensjonsordningane til selskapet tilfredsstillar krava i denne lova.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn	1 421 902	43 000
Pensjonskostnader	185 878	0
Anna godtgjering	11 005	0
Sum	1 618 785	43 000

Dagleg leiar og ein annan leiar har personlege pensjonsavtalar med arbeidsgjevar for lønn utover 8,1 G. Utover dette har verken dagleg leiar eller styreleiar avtalar som forpliktar selskapet ved opphøyr eller endring av tilsetjingstilhøve eller verv.

REVISOR

Godtgjersle til revisor fordelar seg på følgande måte (eksl. mva):

Tenestetype	2021
Lovpålagt revisjon	170 900
Andre attestasjonstenester	13 100
Skatterådgeving	0
Andre tenester	54 554
Totalt	238 554



NOTE 6 PENSJON

Tussa Ikt AS har innskotsplanar i samsvar med lov om innskuddspensjon. Innskotsplanen omfattar tilsette over 20 år og med stillingsstorleik over 20%. Sparinga utgjorde i 2021 6 % av løn mellom 0 og 7,1 G, og 15 % på løn mellom 7,1 og 12 G. Per 31.12.2021 var det 77 medlemmer i ordninga.

Kostnadsført innskot utgjorde NOK 4 904 754 i 2021 og NOK 4 441 425 i 2020.

I tillegg er det avtale om supplerande pensjon for 2 tilsette i selskapet. Selskapet si pensjonsplikt er ført opp i balansen med tilsvarende beløp som selskapet sitt fondsinnskot. Fondsinnskotet er presentert under pensjonsmidlar.

NOTE 7 AKSJAR OG ANDELAR I ANDRE SELSKAP

	Eigarandel	Kostpris	Balanseført verdi
Selskap			
Sunnmøre Kultur næringshage AS	14,6 %	30 000	7 022
Fokab AS	3,7 %	25 000	13 240
Eninvest AS	2,2 %	575 000	575 000
Sum	0	630 000	595 262

NOTE 8 KUNDEKRAV

	2021	2020
Kundekrav til pålydande	20 773 175	13 663 664
Avsetning til tap	415 000	415 000
Balanseført verdi av kundekrav 31.12	20 358 175	13 248 664
Endring i avsetning til tap	0	
Realiserte tap	86 329	334 004
Innbetalt på tidligare tapsførte krav	0	0
Sum resultatførte tap på krav	86 329	334 004

Årets avsetning til tap er basert på ei konkret og forsiktig vurdering av kundemassa per 31.12.2021. Det er ikkje funne grunn til å endre tapsavsetninga.

Kostnadsført tap er klassifisert som annan driftskostnad i rekneskapen.



NOTE 9 FORDRINGAR OG GJELD

Tussa Ikt AS har ingen fordringar med forfall seinare enn eitt år.

	2021	2020
Langsiktig gjeld med forfall seinare enn om 5 år		
Gjeld til konsernselskap	216 000 000	190 000 000
Sum	216 000 000	190 000 000

Tussa Ikt AS har ingen gjeld sikra med pant til kredittinstitusjonar.

NOTE 10 BANKINNSKOT OG KASSAKREDITT

Midlar på skattetrekkkonto (bundne midlar) er kr 2 686 711.

Tussa Ikt AS sin kassakreditt er knytt opp mot konsernet sitt fleirkontosystem.

Morselskapet Tussa Kraft AS er konsernkonto innehavar medan dotterselskapa er deltakarar i systemet.

Pr. 31.12.2021 trekkjer Tussa Ikt AS kr 5 793 924 i fleirkontosystemet.

Innvilga kreditt for konsernet er 100 mill. kr.

Nytta kassakreditt for konsernet pr. 31.12.2021 er 0,0 mill. nok

NOTE 11 GARANTI- OG KAUSJONSANSVAR

Tussa Ikt AS er saman med dei andre heileigde dotterselskapa i konsernet solidarisk ansvarleg for utestående på kassakreditten i fleirkontosystemet med eit beløp på inntil MNOK 50.

Nordea Bank Norge ASA har per 31.12.2021 stilt leverandørgarantiar på vegne av Tussa Ikt AS på tilsaman NOK 200 000.

NOTE 12 MELLOMVÆRE MED SELSKAP I SAME KONSERN

	2021	2020
Fordringar		
Kundefordringar innanfor konsern	110 295	84 003
Andre kortsiktige fordringar konsern	2 832 349	0
Sum	2 942 644	84 003
Gjeld		
Lån frå føretak i same konsern	288 133 737	230 000 000
Leverandørgjeld innanfor konsern	2 057 853	1 238 075
Anna kortsiktig gjeld konsern	5 793 924	26 663 230
Sum	295 985 514	257 901 305



NOTE 13 TRANSAKSJONAR MED NÆRSTÅANDE PARTAR

Ytingar til leiande tilsette er omtalt i note 5, og mellomverande med konsernselskapa er omtalt i note 12.

Selskapet sine transaksjonar med nærstående partar:

	2021	2020
Sal av varer og tenester		
Varer		
- Konsernselskap	579 211	363 312
- Andre nærstående selskap	898 518	387 498
Tenester		
- Konsernselskap	10 239 604	13 449 469
- Andre nærstående selskap	11 729 667	9 746 701
Sum sal av varer og tenester	23 447 000	23 946 980

	2021	2020
Kjøp av varer og tenester		
Varer		
- Konsernselskap	0	0
Tenester		
- Konsernselskap	15 213 854	15 038 154
- Andre nærstående selskap	6 171 379	1 299 800
Sum kjøp av varer og tenester	21 385 233	16 337 954

NOTE 14 ENKELTRANSAKSJONAR

Tussa Ikt AS har i 2021 fusjonert inn fiberverksemda frå Stryn Energi AS (orgnr. 976 626 192).

I tillegg til anleggsmidlar (note 2) og tilhøyrande kontrakter, arbeidskapital og gjeld, vart også aksjeposten i Eninvest AS (note 7) overført.

NOTE 15 POSTAR SOM ER SLÅTT SAMAN I REKNESKAPEN

Finansinntekter	2021	2020
Anna renteinntekt	50 705	64 867
Anna finansinntekt (agio)	16 376	13 456
Sum finansinntekter	67 081	78 323
Finanskostnader	2021	2020
Annan rentekostnad	7 624	29 231
Nedskrivning finansielle driftsmiddel	0	0
Annan finanskostnad (disagio)	28 669	29 937
Sum finanskostnader	36 292	59 168
Sum finanspostar	30 788	19 155



NOTE 16 SKATT

Skattekostnad dette året	2021	2020
Resultatført skatt på ordinært resultat:		
Skatt som skal betalast	0	955 623
Endring i utsett skatt	4 769 791	4 470 779
Skattekostnad ordinært resultat	4 769 791	5 426 402
Skattepliktig inntekt:		
Ordinært resultat før skatt	22 660 360	24 533 833
Permanente skilnader	137 516	131 627
Endring i mellombelse skilnader	-32 565 968	-23 621 722
Motteke konserntilskott	9 768 092	0
Avgjeve konserntilskott	0	-4 343 739
Andre postar	0	3 300 000
Skattepliktig inntekt	0	0
Skatt i balansen som skal betalast:		
Skatt på resultatet dette året som skal betalast	-2 148 980	955 623
Skatt på avgjeve konserntilskott som skal betalast	0	-955 623
Skatt på motteke konserntilskott som skal betalast	2 148 980	0
Sum skatt i balansen som skal betalast	0	0
Utrekning av effektiv skattesats		
Resultat før skatt	22 660 360	24 533 833
Skatt rekna av resultat før skatt	4 985 279	5 397 443
Skatteeffekt av permanente forskjellar	30 253	28 958
Skatteeffekt knytt til fusjon	-245 741	0
Sum	4 769 791	5 426 401
Effektiv skattesats	21,0 %	22,1 %

Skatteeffekten av mellombelse skilnader som har gjeve opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av mellombelse skilnader

	2021	2020	Endring
Varige driftsmiddel	173 396 198	149 260 814	-24 135 383
Fordringar	-1 115 000	-1 115 000	0
Avsettingar mv	-95 689	-248 759	-153 070
Pensjonspremie/- forplikting	-488 748	-366 262	122 486
Andre skilnader	0	-8 400 000	-8 400 000
Sum	171 696 761	139 130 794	-32 565 967
Inngår ikkje i utrekninga av utsett skatt	0	-5 678 603	-5 678 603
Grunnlag for utsett skatt	171 696 761	133 452 191	-38 244 570
Utsett skatt (22 %)	37 773 287	29 359 482	-8 413 806



NOTE 17 EIGENKAPITAL

	Aksjekapital	Overkurs	Annan Innskutt egenkapital	Annan egenkapital	Sum egenkapital
Per. 31.12.2020	16 500 000	69 590 811	39 786 847	39 992 087	165 869 745
Per 01.01.2021	16 500 000	69 590 811	39 786 847	39 992 087	165 869 745
Årets resultat				17 890 569	17 890 569
Fusjon (note 14)	1 500 000	3 947 633	212 511	163 789	5 823 933
Motteke konsernbidrag			7 619 112		7 619 112
Avgitt konsernbidrag			-7 619 112		-7 619 112
Per 31.12.2021	18 000 000	73 538 444	39 999 358	58 046 445	189 584 247

KORREKSJON AV FEIL I TIDLIGARE ÅRS REKNESKAP

I samband med ein pågåande lisensrevisjon frå ein av våre samarbeidspartnarar, er det avdekt eit avvik mellom forbrukte og fakturerte lisensar i åra 2016 til 2021. Endeleg konklusjon er ved avlegging av årsrekneskapet for 2021 ikkje klar, men vi har valt å gjere korrigeringar basert på vårt beste estimat på noverande tidspunkt.

Sidan styret vurderer feilen i tidligare år til å vere vesentleg, har selskapet i tråd med god rekneskapsskikk har korrigert feilen for åra 2016-2019 over eigenkapitalen, medan vi for 2020 har korrigert samanlikningstala i årsrekneskapen for 2021.

Korreksjonen i samanlikningstala for 2020 framkjem på denne måten:

	2020 før korreksjon	2020 etter korreksjon	Korreksjon
Salsinntekt	222 784 312	224 084 312	1 300 000
Varekostnad	49 460 274	54 060 274	4 600 000
Driftsresultat	35 103 649	31 803 649	- 3 300 000
Skattekostnad	6 152 402	5 426 402	- 726 000
Årsresultat	21 681 431	19 107 431	- 2 574 000
Kundekrav	11 648 664	13 248 664	1 600 000
Eigenkapital	172 421 745	165 869 745	- 6 552 000
Utsett skatt	31 207 482	29 359 482	- 1 848 000
Anna kortsiktig gjeld	16 149 254	26 149 254	10 000 000



NOTE 18 AKSJONÆRAR

AKSJEKAPITALEN I TUSSA IKT AS PR. 31.12 ER SETT SAMAN AV:

	Antal	Pålydande	Bokført
Ordinære aksjar	150 000	120,00	18 000 000
Sum			18 000 000

EIGARSTRUKTUR

Dei største aksjonærane i % pr. 31.12 var:

	Ordinære	Eigarandel	Stemmedel
Tussa Kraft AS	150 000	100,0	100,0
Totalt antal aksjar	150 000	100,0	100,0

NOTE 19 FINANSIELL MARKNADSRISIKO

Tussa Ikt AS har generelt lav finansiell marknadsrisiko, og nyttar seg ikkje av finansielle instrument i samband med styringa av finansiell risiko.

RENTERISIKO

Selskapet har inngått både kortsiktig og langsiktig finansiering gjennom morselskapet Tussa Kraft AS. Rentebetingelsar for Tussa IKT AS er knytt til rentebetingelsar konsernet oppnår i marknaden. Morselskapet har inngått rentesikringsavtalar (swappar) for å sikre seg mot resultatsvingingar som følgjer av endringar i rentenivået. Det er opphavleg inngått låneavtalar til flytande renter, og så er det i ettertid inngått rentesikringsavtalar som sikrar fast rente. For detaljar vert det vist til årsrekneskapet for Tussa Kraft AS.

KREDITTRISIKO

Selskapet har kredittrisiko i samband med fordringar på konsernforetak, tilknytte selskap og andre kundefordringar. Risikoen for at motparten ikkje har økonomisk evne til å oppfylle forpliktingane sine blir rekna som moderat. Det har historisk sett vore lite tap på fordringar.

VALUTARISIKO

Valutaeksponeringa til selskapet er låg fordi inntekter og kostnader normalt er i same valuta. Det same gjeld for investering og finansiering.

LIKVIDITETSRISIKO

Finansieringa av selskapet er basert på bankfinansiering gjennom konsernet. Risiko for manglande tilgang til nødvendig finansiering vert vurdert som lav. Sjå note 10 for informasjon om unytta trekkrett.

PRISRISIKO

Selskapet er utsett for prisrisiko og konkurranse innanfor både kommunikasjons- og IT-produkta som vert levert.



NOTE 20 COVID-19

I 2021 har vi opplevd ulike variantar av Covid-19.

Også i 2021 frykta vi at våre medarbeidarar skulle bli smitta, at etterspørselen skulle gå ned og at kundane skulle få betalingsproblem. Men på grunn av smitteverntiltak, vaksinerings og ulike støtteordningar frå regjeringa gjekk det bra både for oss og for kundane.

Vi leverer tenester som er samfunnskritiske og opplevde ein sterk etterspørsel etter både internett, TV og IT tenester. Sjølv om vi har hatt fleire periodar med heimekontor så har vi klart å levere og drifte tenester til både eksisterande og nye kundar på ein god måte. Vi har fulgt regjeringa sine anbefalingar og retningslinjer for smittevern og opplevde at sjukefråveret gjekk ned frå 2,4% i 2020 til 2,1% i 2021.

No er alle smittverntiltak avslutta og varianten Omicron går sin gang. Dei aller fleste som blir smitta får kun milde symptom. Etter vår vurdering vil det truleg ikkje kome vesentlige negative konsekvensar for Tussa IKT som følge av Covid-19 i 2022 heller. Vi tenker imidlertid at vi vil gå mot ein ny normal som kan innebere mindre reisetid og bruk av fly gjennom meir effektiv digital samhandling.



Til generalforsamlinga i Tussa IKT AS

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert Tussa IKT AS sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultat og kontantstraumane for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

PricewaterhouseCoopers AS, Langelandsvegen 35, NO-6010 Ålesund
T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no
Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap



Melding frå uavhengig revisor - Tussa IKT AS



Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Ålesund, 23. mars 2022
PricewaterhouseCoopers AS

Terje Honningsvåg
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

(2)



 Securely signed with Brevio

Revisjonsberetning

Signers:

Name	Method	Date
Honningsvåg, Terje	BANKID_MOBILE	2022-03-23 17:38

This document package contains:

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.